



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokn



# Årsrapport 2024 Skodje sokn

Årsmelding og årsrekneskap

## **Innhald**

<b>Innleiing .....</b>	<b>4</b>
<b>Skodje sokn .....</b>	<b>5</b>
Soknerådet.....	5
Tilsette og stillinger .....	5
Økonomien til soknet .....	6
Inntekter.....	6
Utgifter .....	6
Bruk av fond .....	7
Framovermelding .....	7
Likestilling i sokneråd og stab .....	8
<b>Sokneråd og stab .....</b>	<b>9</b>
Visjon.....	9
Viktige saker i 2024.....	10
Staben .....	10
Underutval og arbeidsgrupper .....	10
Utval.....	10
Arbeidsgrupper .....	10
<b>Gudstenester og kyrkjelege handlingar .....</b>	<b>11</b>
Statistikk.....	11
Kyrkjelydsarbeidet.....	11
NaMU-arbeidet.....	12
Institusjonsandakter .....	12
Temakveldar .....	12
Spor av tru.....	12
<b>Kyrkjestova .....</b>	<b>13</b>
<b>Misjon .....</b>	<b>14</b>
Misjonsavtalar .....	14
Samarbeid med Misjonsalliansen .....	14
Samarbeid med Det Norske Misjonsselskap (NMS).....	14
<b>Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid.....</b>	<b>15</b>
Breiddetiltak i 2024 .....	15
Faste aktivitetar i 2024.....	17
Kyrkjebibliotek og ønskje om kyrkjestove.....	18
Samarbeid med barnehage og skule.....	19
Konfirmantarbeidet.....	20

<b>Diakoni.....</b>	<b>21</b>
Kyrkjeklubben.....	22
Frivillig-koordinering.....	22
<b>Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden .....</b>	<b>23</b>
Organisten si verksemeld .....	23
Instrumenta i kyrkja.....	24
Skodje kyrkjekor.....	25
<b>Samarbeid med Ørskog sokn .....</b>	<b>26</b>
Felles gudstenester .....	26
Frivilligfest / Medarbeidarfest 2024.....	26
<b>Avslutning og takk .....</b>	<b>27</b>
<b>Årsrekneskapen .....</b>	<b>28</b>

## Innleiing

Skodje kyrkje er ei langkyrkje frå 1860. Kyrkja er bygd i tømmer og har plass til om lag 350 personar. Skodje kyrkje vart vigsla 08.11.1860.

Altertavla vart opphavleg laga til den gamle kyrkja av kunstnaren Jakob Sørensen Giskegaard, betre kjend som *Tavle-Jacob*. I samband med 50-årsjubileet i 1910 fekk kyrkja sitt første orgel.

Kyrkja har gjennomgått fleire restaureringar og oppussingar opp gjennom åra. I 1908 vart interiøret endra, og i 1960 fekk kyrkja ei omfattande oppgradering der golvet vart lagt i trekvitt. I 1970 vart det sett inn glasmåleri på sideveggene i koret, utforma av arkitekt Solem og glasmeister Rasmussen.

Til Skodje kyrkje hører det ein gravplass som ligg i tilknyting til kyrkja.



Foto: Jarne Vines

# Skodje sokn

## Soknerådet

Soknerådet har bestått av sju ordinære representantar utan vararepresentantar, i tillegg til soknepresten, som alltid er med. Det nye soknerådet tok til i vernet 1. november 2023. Frå 1. september 2024 fekk soknet ein dagleg leiar.

I 2024 har soknerådet halde åtte møter og handsama 55 saker. Referat frå møta er tilgjengelege på soknet si heimeside.

Arbeidsutvalet er sett saman av soknerådsleiar, nestleiar og sokneprest. Frå 1. september har også dagleg leiar vore med i AU. Arbeidsutvalet førebur saker til soknerådsmøta og handsamar nokre mindre saker mellom møter ved behov.

<b>Medlem av soknerådet</b>	
Arnstein Sæthre	Leiar
Tove S. Kristensen	Nestleiar (permisjon aug-des) Representant til Fellesrådet (permisjon aug-des) Representant Diakoniutvalet
Knut Bjune	Representant til Fellesrådet aug-des.
Jan Løkkeborg	Sokneprest
Ingeborg Kvilekval	Medlem
Lars Flåte	Medlem, representant Kyrkjestovekomitéen
Ragnvald Holvik	Medlem
Bente Vadset	Medlem
<b>Varamedlem</b>	
Soknerådet har ingen vararepresentantar	

Frå 1. september har Astrid Josefine Eide vore dageig leiar i soknet og sekretær for rådet.

## Tilsette og stillingar

Prestane får si løn av Møre bispedøme, andre tilsette blir lønna av Ålesund kyrklege fellesråd.

<b>Stillingstype og storleik</b>	<b>Namn</b>	<b>Merknad</b>
Dagleg leiar, 25%	Astrid Josefine Eide	F.o.m. 01.09.2024
Sokneprest, 100%	Jan Løkkeborg	Tilsett i bispedømet
Kantor 50%	Arne B. Varmdal	T.o.m. mai 2024
Kantor 35%	Marc Labruijere	F.o.m. oktober 2024
Kateket, 50%	Olav Rønneberg	T.o.m. 31.07.2024
Kateket, 40%	Solveig Frafjord Whitcomb	F.o.m. 01.08.2024
Kyrkjelydspedagog, 50 %	Julie Elise Tronstad	

## Økonomien til soknet

Årsrekneskapen for 2024 viser eit positivt brutto driftsresultat på kr. 20 342,33. Etter bruk av fond, finansinntekter og finansieringstransaksjonar viser resultatet eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 13 904.

### Inntekter

Rekneskapen viser nokre større avvik frå det reviderte budsjettet på inntektssida.

Hovudgrunnen til dette er følgande:

#### Brukabetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Inntektene her er ein del lågare enn det opphavelege budsjettet, men ved revisjon vart dette korrigert. Hovudgrunnen til nedgangen frå 2023 er at det i 2024 ikkje vart avvikla basar.

#### Refusjonar og overføringer

Her ligg resultatet kr. 25 256 lågare enn det reviderte budsjettet. Dette skuldast hovudsakleg at soknet ikkje har hatt utgifter som skal refunderast av Fellesrådet i 2024.

#### Tilskot frå fellesråd/menighetsråd

Her er differansen kr. 10 500 mellom det reviderte budsjettet og resultatet. Dette skuldast at det ikkje vart gitt tilskot til soknet frå Fellesrådet i 2024.

#### Andre tilskot, gåver og innsamlingar

Dette er den viktigaste inntektskjelda til soknet, men også her er resultatet lågare enn budsjettet i 2024. Samanlikna med resultatet i 2023 ser vi ein nedgang i inntektene til eiga verksemد gjennom offer i kyrkja på kr. 19 555 mellom 2023 og 2024. Givertenesta har ein nedgang på kr. 13 368 mellom 2023 og 2024.

### Utgifter

Rekneskapen viser nokre større avvik frå det reviderte budsjettet på utgiftssida.

Hovudgrunnen til dette er følgande:

#### Lønn og sosiale utgifter

Her er resultatet kr. 11 388 lågare enn budsjettet. Dette dreier seg om musikartenester for song og musikk i høve arrangement i kyrkja.

Elles blir alle lønnskostnader dekka av Fellesrådet.

#### Kjøp av varer og tenester

Dette er ein god del høgare enn det opphavelege budsjettet. Dette skuldast mellom anna ei forseinka fakturering av matinnkjøp gjort ved KIWI Skodje. Fakturaen som kom november 2024 gjaldt innkjøp frå og med august 2022, til og med oktober 2024. Det vart gjort ei revidering av budsjettet i tilknyting til denne fakturaen. Derfor er ikkje differansen så stor samanlikna med det reviderte budsjettet, kun kr. 3 938.

## **Refusjonar og meirverdiavgift**

Soknet hadde opphavelig budsjettert med kr. 260.000 i utgifter for det økonomiske bidraget til undervisningsstillingane (kyrkjelydsmedarbeider og kateket). Rekneskapen viser ei utgift på kr. 100 000 i 2024 fordi Fellesrådet ikkje fakturerte for alle lønnskostnadane i 2024.

## **Tilskot og gaver**

Her ligg vi tett opptil budsjettet.

## **Bruk av fond**

Mindreforbruket på 348 317,23 kroner i 2023 vart overført til disposisjonsfondet, men denne føringa vart gjort i 2024.

I tillegg vart kr 58 473 i gavet frå det tidlegare *Jubalo*-koret sett inn på eit nyopprettet bunde fond med *Barne- og ungdomsarbeid* som formål.

Det har ikkje vore brukt av dei bundne fondsmidlane i 2024.

## **Offer/kollekt**

Det blei samla inn totalt kr. 181 091 ved offer/kollekt i kyrkja. Av dette var kr. 93 879 til eiga verksemd.

## **Givartenesten**

Gjennom soknet sin givarteneste vart det samla inn total kr. 46 682 til eiga verksemd.

## **Andre innsamlingar, gaver, basar og liknande**

- Fasteaksjonen samla inn kr. 28 116.
- Frå det tidlegare barnekoret på Skodje, *Jubalo*, vart det gitt ei gavet på kr. 58 473 til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja.
- Det vart ikkje avvikla basar i 2024.

## **Framovermelding**

Soknet har sett nokre avvik i budsjett og rekneskap, særleg når det gjeld deltarbetaling og refusjonar frå fellesrådet. Dette gjer det tydeleg at soknet framover må arbeide for meir presise budsjettanslag og sikre betre grunnlag for inntektsbereking.

Når faste tilskot som tilskot frå Fellesrådet ikkje kan reknast som sikre inntekter, vert soknet i større grad avhengig av eigen finansiering gjennom givarteneste, offer og andre innsamlingar.

*Givartenesta* i Skodje sokn er eit viktig bidrag til eiga verksemd, men det er rom for vidare utvikling av denne ordninga. I tida framover bør ein sjå på tiltak for å auke talet på faste givarar og engasjere fleire i soknet til å bidra økonomisk.

Tala som visast gjennom offer til eiga verksemd viser at kyrkjelyden har vilje til å støtte opp om kyrkjelydsarbeidet, men også at det er behov for å styrke innsatsen rundt innsamling og alternative inntektskjelder.

At Skodje sokn refunderte mindre enn budsjettet for undervisningsstillingane i 2024 gjev soknet eit meir midlertidig handlingsrom i budsjettet, men slike svingingar gjer det utfordrande å planleggje langtidskig.

For å sikre ei meir berekraftig økonomisk utvikling i soknet er det viktig å fokusere på:

- *Revitalisering av givartenesta*, der ein aktivt rekrutterer fleire faste givarar.
- *Forbetring av budsjettstyring*, slik at inntektsprognosar vert meir treffsikre og utgifter betre planlagt.
- *Styrking av innsamlingsarbeidet*, gjennom meir målretta kampanjar, basar og andre inntektsbringande tiltak.

Økonomien i Skodje sokn er stabil, men vi ser at kyrkjelydsarbeidet i aukande grad vil vere avhengig av lokalt engasjement og eigne inntektskjelder. Ved å vidareutvikle gode ordningar for finansiering og sikre ei ansvarleg budsjettering, kan vi leggje eit solid grunnlag for framtidig verksemd.

## Likestilling i sokneråd og stab

I Skodje sokneråd er det 8 faste medlemmar, 7 av dei er folkevalde pluss sokneprest. Av dei faste medlemmane er det 5 menn og 3 kvinner. Av dei tilsette i faste stillingar var det hausten 2024, 4 kvinner og 2 menn.

07.03.2025

*Astrid Josefine Eide*

Dagleg leiar

## **Sokneråd og stab**

### **Visjon**

## **Søndagsgudstenesta - møtestad for alle**

Vi ønskjer at unge og eldre, familiar og einslege, innfødde og innflyttarar skal kjenne seg heime i kyrkja, og oppleve gudstenesta som eit møte med Gud og med kvarandre. Dette skjer ved å involvere mange i planlegging og gjennomføring av gudstenesta.

## **Kjærleiken er størst**

Vi vil bygge relasjonar der vi i fellesskap kan vekse i kjærleik til kvarandre, til vår neste og til Gud. Vi vil gjennom trusopplæringa la born og unge i Skodje få oppleve det største av alt: kjærleiken.

## **Omsorg / diakoni**

Alt vi gjer i kyrkjelyden skal vere prega av diakonal omtanke for kvarandre, for skaparverket og for dei underprivilegerte i verda. Alle menneske skal møte kyrkja si omsorg ved dei store milepælane i livet: dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd.

## **Dialog mellom tradisjon og nytenking**

Vi vil ta vare på dei gode tradisjonane, men våge å la uttrykksmåtar og arbeidsreiskapar fornyast for å nå vidare ut til menneske i vår tid. Å engasjere lokale krefter, særleg ungdom innafor kyrkjemusikk, song og korverksemnd, ser vi som viktig kyrkjelydsarbeid.

## **Jesus i sentrum**

All forkynning og undervisning skal styrke trua på den treeinige Gud, og ha sitt sentrum i Han som er trua sin opphavsmann og fullendar, Jesus. Misjonsavtalen med HimalPartner er ei konkretisering av vårt misjonsengasjement.

## **Engasjert trusliv**

Vi vil skape arenaer for bibelbruk, samtale og felles bøn, og gi eit breitt tilbod om livsnære og trygge smågrupper. Vi vil stimulere til å dele livserfaringar, og hjelpe kvarandre til å sjå Guds fotavtrykk i den einskilde si livshistorie og kvardag.

## Viktige saker i 2024

- Arbeid med Kyrkjestova
- Arbeid med å få i gang kyrkjebasaren til 2025
- Arbeid med bestilling av prosesjonskors til kyrkja

## Staben

2024 vart eit år med større endringar i staben. I juni tok vi farvel med Olav Rønneberg som har vore tilsett i Skodje og Ørskog i godt over 10 år. Og dette vart markert på gudstenesta 26.mai. Ei ekstra rosin i pølsa denne dagen var nok når ein tidlegare sambygding, Pål André Måseidvåg, dukka opp på galleriet med el gitaren og spelte "Shine on you crazy diamond" av Pink Floyd til postludium.

Like før måtte vi ta eit tungt og brått farvel med Arne B. Varmdal som også har omrent like lang fartstid som Olav i Skodje og Ørskog. Ekstra tungt då vi veit at Arne valde å avslutte livsreisa sjølv. Det heile er fortsatt uverkeleg og har vore tungt for staben å bere med seg.

Spente var vi når Solveig Frafjord Whitcomb kom som ny kateket og Astrid Josefine Eide styrka staben som dagleg leiar. Og veldig takksame at også Marc Labruijere er tilbake som kantor. I dei første månadane av det nye året har kollegiet funne godt saman, og det er høg trivselsfaktor i staben!

## Underutval og arbeidsgrupper

Skodje sokneråd har ansvar for å setje i verk tiltak på ulike område i kyrkjelydsarbeidet. Samstundes er det korkje mogleg eller ønskeleg at rådsmedlemmane skal stå for all verksemd på eiga hand. For å sikre ei god og effektiv styring, legg rådet vekt på å samordne, planleggje og initiere tiltak, heller enn å bruke møtetida på detaljert sakshandsaming eller operativt grunnlagsarbeid i alle saker.

Ein viktig del av soknerådet sitt arbeid er å *rekruttere medarbeidrarar* som kan bidra i dei ulike oppgåvene og aktivitetane kyrkjelyden driv. I tillegg har rådet ansvar for å *sikre økonomisk grunnlag* for drifta, enten gjennom tilskot, gåver eller andre inntektskjelder. Gjennom denne måten å arbeide på kan soknerådet sørge for at kyrkjelydsarbeidet både er godt organisert og berekraftig over tid.

## Utval

- Arbeidsutvalet
- NaMu-utvalet
- Diakoniutvalet

## Arbeidsgrupper

- Basar-komit  
- Kyrkjekaffi- komit  
- Kyrkjestove- komit  

# Gudstenester og kyrkjelege handlingar

## Statistikk

Kva	2022	2023	2024
Tal på gudstenester søn- og helgedagar	38	40	38
Tal på gudstenester utanom søn- og helgedagar	15	6	9
<b>Totalt antal gudstenester i Skodje sokn</b>	<b>53</b>	<b>46</b>	<b>47</b>
Totalt frammøte på gudstenester søn- og helgedagar	3342	4023	3610
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester søn- og helgedagar	88	101	95
Totalt frammøte på gudstenester utanom søn- og helgedagar	1463	1059	1384
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester utanom søn- og helgedagar	98	177	154
<b>Totalt frammøte på gudstenester</b>	<b>4805</b>	<b>5082</b>	<b>4994</b>
Tal på gudstenester med nattverd	27	26	28
Tal totalt til nattverd	989	890	913
Dåp	30	40	35
Konfirmerte	40	70	47
Vigsel	6	4	13
Gravferder	22	21	34
Utmeldingar	13	23	11
Innmeldingar	2	1	0

## Kyrkjelydsarbeidet

Statistikken viser at gudstenesteoppslutninga held seg om lag på nivå med tidlegare år. Dåpstala er framleis gode, og dette året hadde også ei topp i talet på vigslar. Det er gledeleg at mange vel å gifte seg i kyrkja, sjølv om fleire ikkje høyrer til i soknet.

Trass i stabile dåpstal, slit kyrkjelyden med å få ned snittalderen i dei øvrige gudstenestene. Utanom gudstenester knytt til trusopplæring, er det gjerne ei kjerne av gudstenestedeltakarar med høg snittalder. Samstundes er denne gruppa svært engasjert, kjem trufast kvar søndag, gjev gode tilbakemeldingar og er flinke til å inkludere nye. Lengten etter å sjå fleire unge finne vegen inn i kyrkjelyden er likevel sterkt.

Det er også gledeleg å registrere at kyrkja og det kyrkjelege arbeidet har eit positivt omdøme blant dei som bur i soknet. Mange har eit sterkt forhold til kyrkja si og støttar opp både i sorg og glede. Her ligg det eit stort potensial, særleg med tanke på den låge snittalderen i Skodje sokn og den store tilflyttinga.

Korleis kan vi gjere kyrkja til ein heim for fleire – ikkje berre eit seremonirom når vi treng det, men ein stad der trua får vekse både i kvardag og helg? Det er klart at sjølv om kyrkja vår er vakker, er ho også lite funksjonell som arbeidskyrkje. Mangelen på eigna rom set grenser for kva vi kan få til, og vi ser fram til at arbeidet i Kyrkestovekomiteen no vert realisert!

## **NaMU-arbeidet**

NaMu står for Naturlig Menighetsutvikling. Det har ikkje vore aktivitet i denne gruppa, som har som oppgåve å arbeide for kyrkjelydsvekst og styrking av kyrkjelydsarbeidet gjennom verktøyet utvikla av NaMu – Norge. Kyrkjelyden har ein eigen rettleiar som skal hjelpe oss med å utvikle kyrkjelyden ut frå dei ressursane vi har til rådvelde.

## **Institusjonsandakter**

Presten og organisten held jamlege andaktar på institusjonane. Annankvar onsdag vitjar dei omsorgssenteret, og deretter bufellesskapet i Ådalen allé. Det merkast at funksjonsnivået på omsorgssenteret varierer, medan bebuarane i Ådalen allé stort sett er meir pleietrengande. Besøka vert sett stor pris på.

## **Temakveldar**

Helge Ferstad har vore drivkrafta bak temakveldane. No har ekteparet Ferstad flytta til Stavanger for å vere nærmare familien, men temakveldane har likevel halde fram. Soknepresten har teke over ansvaret for å skaffe temahaldarar, med god praktisk hjelp frå Ane Mælan. Presten har òg halde nokre tema sjølv.

Temakveldane ser ut til å vere eit viktig tilskot i kyrkjelydsarbeidet, der deltakarane får høve til å fordjupe seg i både dagsaktuelle og kristne/bibelske tema. Oppslutninga varierer, frå særskilt godt deltaking til ei fast gruppe på 15–20 personar.

## **Spor av tru**

Før jul vart *Spor av tru* arrangert for tredje året på rad. Mange har gitt tilbakemelding om at desse samlingane har vore både verdifulle og interessante. Konseptet er enkelt: Eit intervjuobjekt samtalar med presten om tru, verdiar og julefeiring, medan musikalske gjestar skapar ei god ramme rundt samtalen.

Dette året var det Gunnar Hamnøy og Kari Grindvik som satt i stolen i kordøra, medan Søskentrioen Ulvestad/Garseth og Kristina Farstad Bjørndal stod for det musikalske innslaget.

# Kyrkjestova

## Medlemer i kyrkjestovekomitéen

<b>Arne Risanger Skotte</b>	Leiar
<b>Lars Flåte</b>	Soknerådet sin representant
<b>Birger Blindheim</b>	Medlem
<b>Tormod Løvås</b>	Medlem

## Aktivitet i 2024

I 2024 har komiteen gjennomført to møter. Følgande tema har vore på agendaen:

- Revidert forslag til nytt kyrkjelydshus innanfor gjeldande reguleringsplan
- Reguleringsplan (plassering av menighetshus, tilkomst, parkering og bilfritt uteområde)
- Forslag til romprogram for kyrkjelydshuset
- Avklaringar og godkjenning frå Skodje Sokneråd

## Planen vidare

I samarbeid med Arkitektkontoret BBW v/Asbjørn Bua skal komitéen arbeide med å avklare og utarbeide:

- Situasjonsplan
- Plan, snitt og fasadeskisse
- Kostnadsoverslag
- Avklaringar med kommunen og andre relevante interessepartnarar
- Situasjonsplan og skisseprosjekt



Kyrkjebrakka som midlertidig løysing

Foto: Asbjørg O. Sve

# Misjon

## Misjonsavtalar

Skodje sokn har to aktive misjonsavtalar.

- **Misjonsalliansen**
  - Avtaleperiode: 01.04.2023-01.04.2027
- **Det norske Misjonsselskap (NMS)**
  - Avtaleperiode: 01.12.2023-01.12.2027

## Samarbeid med Misjonsalliansen

Barn i favelaene veks opp i sårbare nabolag prega av rus, narkotikasal og kriminalitet. Dei treng vern, omsorg, trygge fritidstilbod, gode rollemodellar og næringsrik mat.

Fritidsaktivitetar innan kunst, kultur, språk og idrett gir barna ein trygg stad å vere, samtidig som dei får omsorg og oppfølging som hjelper dei å utvikle seg og fullføre skulen. Eit viktig mål er å redusere talet på tenåringsgraviditetar. Barn og unge får undervisning i helse og ernæring og lærer korleis dei kan byggje lokale nettverk og saman forsvare rettane sine. Eit overordna mål er å styrke banda mellom skulen, familien og lokalsamfunnet.

I løpet av 2024 har det vore åtte gudstenester med innsamling/offer til Misjonsalliansen i Skodje sokn.

## Samarbeid med Det Norske Misjonsselskap (NMS)

Gjennom arbeidet til NMS støttar Skodje sokn kyrkjelydsvekst og kyrkjebygging i Estland.

NMS samarbeider med Den estiske evangelisk-lutherske kyrkja (EELK) for å plante livskraftige kyrkjelydar og styrke barne- og ungdomsarbeidet. Etter andre verdskrig har nye befolkningssentra vokse fram utan etablerte kyrkjelydar. Eit døme er Saku, der St. Thomas kyrkjelyd vart grunnlagd i 2011 og i dag har kring 240 medlemmar. I Mustamäe, ein bydel i Tallinn, vart ein kyrkjelyd etablert i 2010 og har no over 140 medlemmar. På begge desse stadene er det bygd moderne kyrkjebygg parallelt med utviklinga av kyrkjelydsarbeidet.

I tillegg vert det satsa på leiarutvikling og opplæring av frivillige, slik at dei kan spele ei større rolle i kyrkja. NMS støttar også *Plussmedia*, eit kristent mediearbeid for og av ungdom, som produserer radioprogram, TV-show og innhald til sosiale medium. Vidare bidreg NMS til global ungdomsutveksling mellom kyrkjer gjennom samarbeid med NMSU og Ucrew.

I løpet av 2024 har det vore åtte gudstenester med innsamling/offer til NMS i Skodje sokn.

# Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid

Trusopplæringa i 2024 har bestått av kyrkjelydspedagog Julie Elise Tronstad, kateketane Olav Rønneberg (t.om. 31.07.) og Solveig Frafjord Whitcomb (f.o.m. 01.08.).

Opplegget omfattar både faste tilbod og breiddetiltak for ulike årskull. Dei faste tilboda er jamlege samlingar som barn og ungdom kan delta på gjennom året. Breiddetiltaka er årlege samlingar for spesifikke årskull, der alle medlemmar og tilhøyrande i kyrkjelyden får ein personleg invitasjon i postkassa

## Breiddetiltak i 2024

Trusopplæringstiltaka har gått sin gang også i år, med god oppslutning. Ei utfordring har vore å skaffe nok frivillige til alle samlingane. Det kan derfor vere nødvendig å jobbe meir med å etablere faste grupper eller komitear for dei ulike tiltaka, slik at arbeidet blir meir forutsigbart og berekraftig.

## 4-årstreff

Dette vart gjennomført på våren, med to samlingar i forkant av gudstenesta der barna fekk utdelt boka si. Samlingane inneholdt bibelhistorier, mat, hobbyaktivitetar og song. Mange møtte opp, og det vart ei fin oppleveling for både barna og familiene deira.

## Dåpskule for 6-åringar

Dette blei gjennomført på våren. To samlingar med Bibelhistoriar, mat, hobbyaktivitet og sang i forkant av en gudsteneste der barna fekk utdelt boka si. Mange møtte opp.

## Tårnagenthelg for 8-åringar

Denne helga arrangerte vi Tårnagenthelg, med besøk av politiet. Politibetjentane tok fingeravtrykk på agentane og fortalte litt om korleis det er å vere politi, samt korleis ein kan vere agentar for eit godt samfunn.

Politibetjentane uttrykte at det var flott at kyrkja vart brukt til slike arrangement for barn, og dei verka noko overraska over å lære at det var kyrkja sjølv som stod bak – det var ikkje berre lokala som var til låns.

Det var mange barn med på arrangementet, nokre frivillige, og heldigvis nokre foreldre som vart verande og hjelpte til med gjennomføringa.

Dette er eit svært populært tiltak blant barna, og i fleire månader etterpå vart kyrkjelydspedagogen møtt av barn på butikken som ropte: «*Det er jo du som er sjef for tårnagentane!*» – veldig kjekt!

## Lys Vaken-helg for 11-åringar

I 2024 deltok 30 sjetteklassingar i soknet på Lys Vaken. Dette er eit arrangement mange barn gler seg stort til, og dei synest det er spennande å få overnatte i kyrkja.

Samtidig er det eit svært ressurskrevjande arrangement, og vi skulle gjerne hatt fleire frivillige denne helga. Overnattinga vart likevel gjennomført i år, takka vere Asbjørg Oksavik Sve og Arnstein Sætre, som stilte opp som nattevakter.

Det har vore litt diskusjon i staben om vi skal halde fram med overnattinga eller ikkje. Kyrkjelydspedagog, Julie Elise Tronstad, meiner at dette er ei verdifull oppleving for barna, men det er eit årleg ressursspørsmål om vi faktisk klarer å gjennomføre det.

## "Brev til meg"

I februar 2024 vart alle ungdommar som vart konfirmerte i kyrkjelyden for tre år sidan, inviterte tilbake til ei samling med pizza, sosialt samvær og utdeling av breva dei skreiv til seg sjølve under konfirmanttida. Arrangementet fann stad i Skodje kyrkje, og samla om lag 50 % av dei inviterte.

"Brev til meg" er eit tiltak for å skape ein møteplass der ungdommar kan reflektere over tida som har gått sidan konfirmasjonen. Ved å lese breva dei sjølve skreiv som konfirmantar, får dei høve til å sjå tilbake på eigne tankar, forventningar og håp for framtida. Dette kan vere både ein tankevekkande og givande oppleving.



Hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok i Skodje kyrkje. Song av Knøttekor og Barnegospel.

Foto: Asbjørg O. Sve

## Faste aktivitetar i 2024

### Babysong

Babysong har vore arrangert i kyrkja annakvar onsdag frå kl. 11 til 13. Ansvarleg for babysongen i Skodje er kyrkjelydspedagog, Julie Elise Tronstad. Dette er eit tilbod som blir sett stor pris på, særleg av mødre i permisjon med baby. Babysong er ein møteplass der foreldre kan knyte kontaktar, samstundes som vi har ei fin songstund med alt frå såpebobler til rytmeegg.

Det er ofte mellom 10 og 12 babyar med følgje som deltek, og stemninga er god.

### Knøttekor

Knøttekor og Barnegospel vart starta opp på våren, etter initiativ frå kyrkjelydspedagogen. Allereie på første øving møtte meir enn 70 barn og foreldre opp! Planen var å synge litt i kyrkja og ete mat i brakka, men det vart fort *stinn brakke*, og ein skjønte raskt at dette ikkje let seg gjennomføre. Difor flytta ein heile programmet inn i kyrkja.

Knøttekoret er for barn i barnehagealder, frå 2 til 6 år, og det kjem som regel over 20 barn kvar gong. Dette har vore eit spennande arbeid, men ikkje utan utfordringar. Kyrkjegolvet er av gammalt treverk, og sidan barna spring rundt i sokkelesten, hender det ofte at dei får flis i foten.

I starten var Arne B. Varmedal pianist for barna, men etter at han gjekk bort, vart det vanskeleg å halde fram, og sommaravslutninga måtte avlyast. Då vi starta opp att om hausten, fekk vi med oss to konfirmantar, Goda Skiryte og Guro Bolstad, som bytte på å spele piano.

Gerd Ulstein har stått for matinnkjøp, og saman med Iris Risanger Skotte og Bitten Kvilekval har vi fått til både øvingar og kveldsmat for barna – og kaffi til dei vaksne. Vi ser at Knøttekoret ikkje berre er eit tilbod for barna, men også ein møteplass der foreldre kan bli betre kjende med kvarandre, noko som er flott å sjå.

Kyrkjelydspedagogen får òg tilbakemeldingar frå foreldre som fortel at barna deira peikar og ropar «Der er kyrkja mi!» når dei køyrer forbi.

### Barnegospel

Barnegospel har øving same dag som Knøttekoret. Barnegospel er til liks med Knøttekoret også starta opp etter initiativ frå kyrkjelydspedagog, Julie Elise Tronstad. Når Knøttekoret avsluttar dagen med kveldsmat og frileik i kyrkja, kjem skulebarna rett til måltidet og har si øving etterpå.

Barnegospelgjengen har vore mindre enn Knøttekoret, noko som truleg heng saman med at skulebarna har mange ulike aktivitetar å velje mellom på ettermiddagstid, og at fleire har idrettstrening same dag. Likevel har det no danna seg ein nokså fast gjeng, og det er

vanlegvis rundt 12 barn på øvingane. Vi får høre at barna snakkar om koret på skulen, og at fleire har blitt med nettopp på grunn av dette.

Det har kome mange fine tilbakemeldingar frå foreldre. Dette er eit gratis tilbod (men foreldre blir oppmoda om å støtte arbeidet via VIPPS), utan dugnad og utan reservebenk.

På slutten av kvar øving samlast barna rundt lysgloben, tenner lys og syng *Kjære Gud, eg har det godt*, ofte saman med nokre av foreldra. Dette har blitt ei veldig fin stund som barna gler seg til kvar gong.

### Kyrkjebibliotek og ønskje om kyrkjestove

Desse barnekora samlar både barn frå familiar med lang fartstid i kyrkja og barn som aldri har vore i kyrkja før. Nokre uttrykkjer eit ønskje om å lære meir, og kyrkjelydspedagogen har eit ønske om å opprette eit *Kyrkjebibliotek* med barnebøker og gjerne også bøker for vaksne. Tanken er å ha ei bokhylle i kyrkja der folk kan plukke med seg bøker og levere dei tilbake ved neste høve.

I arbeidet som kyrkjelydspedagog opplever Julie det som ei stor glede å kunne vere i kyrkja. Samtidig ser ein eit stort behov for ei kyrkjestove – eit lokale som vil gjere det enklare å leggje til rette for aktivitetar for barn og ikkje minst familiar i kyrkjelyden.



Bilde fra julekonserten til Skodje kyrkjekor der Knøttekor og Barnegospel var med.

Foto: Jorunn Kalvatn

## Samarbeid med barnehage og skule

### Våren 2024

Alle 5.-klassane fekk besøk med undervisning om *Moster 2024* og jubileet for 1024, som vart markert i mai og juni. Skulane tok svært godt imot dette, noko som viser at dei gjerne deltek i gode prosjekt og idéar.

Undervisninga var kombinert med bibelutdeling, der elevane ved Valle, Stette og Møre fekk utdelt biblar på skulen. Skodje barneskule ønskte ikkje at bibelen skulle delast ut på skulen. Difor sende vi e-post til alle føresette, og om lag halvparten svara positivt på at dei ønskete å motta ein bibel.

### Påskevandringar

Det vart gjennomført påskevandringar for sju barnehagegrupper og tre skulegrupper. Opplegget for 2. klasse ved Skodje skule vart avlyst, då dei måtte bytte dato frå det oppsette tidspunktet, og vi klarte ikkje å finne ein ny dato som passa.

### Hausten 2024

Me delte ut biblar i kyrkja til 6. og 7.klasse på Skodje i august, eit etterslep frå tilbodet som 5.trinn skulle ha fått tidl. Totalt vart det delt ut om lag 20 biblar, det var flest 6.klassingar som kom. Prest, kyrkjelydspedagog og kateket utarbeida og gjennomførte eit undervisningsopplegg saman. Avtroppande kateket har utfordra den nye kateketen til å tenke gjennom bibelutdelinga, om den bør være i regi av trusopplæringa i kyrkja i staden for eit skule-tilbod. Dette er ikkje avgjort, men "tendensen" mange stader er at bibel-utdeling i skulen kan være problematisk.

Skulane og barnehagane i Skodje er positive til kyrkja. Alle barnehagane kom med 4-åringane sine til julevandring, og skulane kom med 1.klassingane. Julevandringane er eit godt pedagogisk opplegg som gleder år etter år, der frivillige også har vore med på gjennomføringa.

Skulegudstenester blei gjennomført for alle skulane. Valle og Stette hadde gudsteneste på skulen, der organist og kateket hadde ansvar. Grunngjevinga var at skulane slit økonomisk, og busstransport er dyrt. Elles vart alle skulegudstenestene gjennomført i kyrkjene. I forkant blei kateketen også invitert til skulane for å planlegge og førebu innhald til gudstenestene, noko som er veldig positivt for relasjonsbygginga mellom kyrkja og skulane.

I år vart det tilbod om barnehagegudsteneste på Skodje før jul, og alle barnehagane deltok. Kyrkjelydspedagog, kateket og organist samarbeidde om gjennomføringa.

## Konfirmantarbeidet

### Våren 2024

Eit stort kull vart konfirmert i mai 2024, med heile 70 konfirmantar. Undervisninga var fordelt på tre grupper, der kateket, prest og kyrkjelydsmedarbeider samarbeidde. Samlingane fann stad etter skuletid, i tillegg til konfirmantlaurdag, konsert med Respons, ein sosial kveld med film og nattcup.

Det har vore mange konfirmantar, noko som til tider har gjort det utfordrande å lykkast med dei store samankomstane. Heldigvis har fleire foreldre stilt opp og bidrege.

Fasteaksjonen vart gjennomført, men vi ser eit behov for å vere meir i forkant med planlegginga og gjennomføringa. Blant anna kan det vere nødvendig å oppdatere nokre av karta.

### Hausten 2024

Eit nytt kull starta opp i september, med 43 konfirmantar fordelt på to grupper. Kateket og kyrkjelydsmedarbeider har hovudansvaret for den kontinuerlege undervisninga, medan prestane bidreg på enkeltarrangement og følgjer opp ministrantane.

Vi har gjennomført jamlege samlingar annakvar veke etter skuletid, i tillegg til presentasjonsgudsteneste, lysmesse og nattcup i Ålesund. Den tradisjonelle konfirmantlaurdagen med fokus på misjon og solidaritet, som dei siste åra har vore på hausten, er no flytta til januar.

Vi har sakna fleire sosiale treffpunkt for konfirmantane og vurderer å arrangere leir for komande årskull.



Konfirmantane i 2024

Foto: Olav Rønneberg

# Diakoni

## Medlemer i diakoniutvalet

Tove S. Kristensen	Leiar
Sindre Rasmussen	Medlem
Lars Andreas Lona	Medlem

Diakoniutvalet har i år bestått av Sindre Rasmussen, Lars Andreas Lona og Tove Solheim Kristensen.

Hovudoppgåvene våre har vore å delta ved utvalde gudstenester og å overbringe blomsterhelsingar til jubilantar i soknet som fyller 80, 85, 90, 95 og 100 år. Vi vil også nemne at flere andre frå kyrkjelyden har bidrege med god hjelpe i dette arbeidet.

Diakoniutvalet har særleg vore aktivt ved minnegudstenesta (sjå vedlagt bilete) og ved gudstenesta på skjærtorsdag.

Vi ønskjer å nytte høvet til å nemne, også i årsmeldinga, at vi ser behovet for å få gjenopprettet diakonstillinga.



Minnegustenesten i 2024.  
Foto: Tove S. Kristensen

## Kyrkjeklubben

Kyrkjeklubben i Skodje kyrkje var starta av diakon Asbjørg Oksavik Sve i 2014, og kunne ha feira tiårs-jubileum i 2024, men det får vi feire og glede oss over i 2025. Klubben er tilrettelagt for menneske med funksjonsnedsetjingar, og er open for alle. Vi har kyrkjeklubb den fyrste tysdagen kvar månad. Vi har hatt kontinuerleg drift alle åra, med unntak av enkelte månader med nedstenging under koronapandemien. Klubben har siste to åra vore drifta av berre frivillege med tidlegare diakon som hovudleiar.

2024 har vore eit godt år, med nok medarbeidrarar og jamt over godt oppmøte, ofte rundt 15 -17 personar, og på det meste 30 personar, som på grautfesten vi hadde før jul. Vi har hovudsakleg vore i kyrkja, men siste året har vi innimellom vore i brakka. Vi startar med ein formingsaktivitet, deretter ei samling med song og intervju med kveldens gjest eller andakt og avsluttar med kveldsmat. "Kveldens gjest" er ein ny gjest kvar gong, då sender vi rundt ei krukke der deltarane får trekkje opp spørsmål til gjesten. Gjesten har fått eit hint på førehand på eit av spørsmåla, og det er oftast om dei kan fortelje litt om ein person frå Bibelen eller noko om trua. Vi har det veldig uformelt og triveleg, og deltarane og støttepersonane deira seier dei er godt fornøgde med tilbodet. Alle desse åra har vi hatt eit godt samarbeid med kommunale kontaktpersonar som leverer ut våre invitatsjonsplakatar kvar månad til alle bustadane. Det er vi veldig takksame for.

## Utfordringar framover

No i starten av 2025 slutta ein god og stabil medarbeidar som hadde ansvaret for maten, og vi prøver å finne ein ny. Ansvarleg leiar ynskjer i tillegg å få ein medarbeidar som kan ta hovudansvar for ei og anna samling ved behov. Dette er eit viktig arbeid for inkludering for personar med ulike funksjonsnedsetjingar, og sidan den vert drifta av frivillege og vi ikkje har tilsett diakon i Skodje, ynskjer vi at nokon i staben kan vere ein støttespelar vi kan vende oss til.

## Frivilleg-koordinering

Kyrkevert-tenesta og kyrkjekaffi-fordelinga har i 2024 vore sett opp og koordinert av Janne og Knut Bjune. Vi har mange trufaste og dyktige frivillige medarbeidrarar som stiller opp og skapar ei fin og god ramme omkring gudstenestene. Lister vert sett opp for kvart halvår og fordelt so at alle har oversikt over når dei er sett opp og at dei kan bytte dersom det er trong for det. Før ny liste vert sendt ut, får alle høve til å gje beskjed om dagar dei ikkje kan gjere teneste. Det har difor vore lite trong for å bytte tenestedagar. På torsdag før gudstenesta har dei fått ei påminning på sms, noko som har bidrige til at alle har vore på plass til rett tid.

Takk til alle frivillige som har stilt opp og skapt ei fin ramme rundt gudstenestene.

## Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden

Skodje kyrkje har eit aktivt og variert musikkliv med både kyrkjekor og barnekorgrupper, som Knøttekor og Barnegospel. Det har vore arrangert fleire salmekveldar og konsertar i kyrkja si regi, der både kyrkjekoret, barnekoret og andre musikkarar har delteke. I tillegg har kor og solistar bidrege med musikkinnslag i gudstenestene. Nokre gudstenester i gjennom året har også hatt musikk frå eksterne musikkrefter, som Skodje skulekorps og elevar frå kulturskulen. Kyrkja blir dessutan ofte leid ut til konsertar, og har i 2024 hatt besøk av kjende artistar som SKRUK, Ytre Suløen og konsertar i samband med Fjord Cadenza-festivalen.

### Ei takk til Arne B. Varmedal

Med Arne B. Varmedal sin bortgang i mai 2024 mista kyrkjelyden ein stødig og fagleg dyktig kantor som gjennom mange år hadde ansvaret for den kyrkjemusikalske verksemda.

Arne var ein erfaren organist med solid kunnskap og ein sikker musikalsk stil. Han stod for eit gjennomført og profesjonelt spel ved gudstenester, kyrklege handlingar og andre arrangement i kyrkja. Med sin kompetanse og sitt presise arbeid sikra han ei trygg og stabil ramme rundt den liturgiske musikken.

Vi er takksame for innsatsen han la ned gjennom si tid som kantor i soknet vårt. Vi lyser fred over Arne sitt minne.

### Organisten si verksemد

Etter ei periode med ulike vikarløysingar vart Marc Labrijere tilsett som fast organist i oktober. Vi ser fram til å vidareføre det musikalske arbeidet i kyrkjelyden med Marc som drivkraft.

Organisten si hovedoppgåve er å spele til dei lovpålagde oppgåvene i kyrkja, som gudstenester, gravferder og vigslar. Dette inneber også akkompagnering av solistar og kor, samt preludering i dei fleste gravferdene.

Ved enkelte gudstenester har organisten hatt ansvar for å engasjere eksterne musikkrefter, som til dømes til minnegudstenesta på allehelgensdag og i julegudstenestene. Her har kyrkjekoret, barnekoret og solistar, blant anna elevar frå kulturskulen, vore med. Organisten har også delteke på andaktar i institusjonane i bygda.

### Planar framover

Frå januar 2025 har organisten starta som akkompagnatør for barnekoret. Det er også planar om å arrangere konsertar i organisten si regi, der ein ønskjer å samarbeide med lokale musikkrefter, innleigde musikkarar og gjerne andre kunstformer for å skape allsidige og inspirerande musikkopplevelingar.

### Rekruttering og kurs

Som ein del av arbeidet i kulturskulen held organisten korte orgelkurs to gongar i året. Desse kursa kan bidra til å rekruttere nye organistar. Orgelelevane har fleire gongar delteke med

musikkinnslag i gudstenester og andre arrangement, noko som gir dei verdifull erfaring og bidreg til å halde orgeltradisjonen levande i kyrkjelyden.

## Instrumenta i kyrkja

Flygelet i Skodje kyrkje er om lag 40 år gammalt og treng utskifting. Flygelet var mykje brukt før det kom til kyrkja, og ifølgje pianostemmar er det verken anbefalt eller lønnsamt med reparasjon.

Kyrkja har òg eit flott orgel, men som mange andre orgel er det følsamt for endringar i temperatur og luftfukt. Dette skapar utfordringar, særleg i vinterhalvåret, då kyrkja ofte vert varma opp relativt seint. Når orgelet ikkje rekk å oppnå romtemperatur før speleoppdrag, kan enkelte register bli vanskelege å bruke.

Musikklivet i Skodje kyrkje står sterkt, og med ny organist på plass, nye planar for konsertar og rekruttering av unge organistar, ser vi fram til eit nytt år med mykje vakker musikk og gode møtepunkt i kyrkja.



Orgelet i Skodje kyrkje  
Foto: Marc Labrijere

# Skodje kyrkjekor

Medlemer i styret	
Jorun Elise Kalvatn	Leiar 2024
Lise Vindi	Styremedlem
Arnstein Sæthre	Styremedlem
Øyvin Danielsen	Styremedlem
Elise Marie Lervik Coates	1. vara
Kari Grindvik	2. vara

Koråret har vore prega av eit variert og rikt aktivitetsnivå. Vi har hatt faste øvingar kvar onsdag frå kl. 19.00 til 21.30, med ei intensiv øvingshelg på Lepsøy Misjonssenter i september. Det har også vore fleire fellesøvingar med andre kor og dirigentar, samt spesifikke gruppeøvingar for ulike stummegrupper.

Det vart halde fem styremøte gjennom året, i tillegg til jamleg kommunikasjon via ei Messenger-gruppe, som har vist seg å vere eit effektivt arbeidsverktøy. Årsmøtet vart gjennomført 21. februar, medan vi ikkje hadde medlemsmøte i 2024.

## Konsertar og arrangement

Koret har delteke på ei rekke konsertar og arrangement gjennom året. Vi starta med «Vinternattiné» i januar, etterfølgd av deltaking på påskefestivalar i både Geiranger og Sykkylven i april. I tillegg song vi på salmekveld i Ørskog og i gravferda til Arne B. Varmedal i mai. I juni hadde vi ei vellukka korkafé saman med Sanctus og kyrkjekora fra Borgund og Spjelkavik.

Hausten vart markert med fleire konsertar knytt til feiringa av komponist Robert Coates sin 70-årsdag, med festkonsert i Harøy kyrkje og påfølgjande konsert i Skodje. Vi deltok også på temakveld, ønskekonsert og salmekveld utover hausten. Året vart avslutta med ein stemningsfull julekonsert i Skodje kyrkje den 12. desember, der både kor og kyrkjelyd skapte ei fin førjulstemning.

## Nokre refleksjonar om året

Robert Coates har vore ein stødig og inspirerande vikar for dirigenten vår, Tom Venås Gontier, og har bidrege både musikalsk og menneskeleg, særleg ved den tunge tida då Arne B. Varmedal gjekk bort. Komiteane har fungert svært godt, med imponerande innsats frå alle som har bidrege med alt frå pynt og mat til praktiske oppgåver.

Vi har fått to nye kormedlemmar på hausten, medan ein har tatt permisjon. Korkaféen i juni fungerte som sommaravslutning, og etter julekonserten koste vi oss med heimelaga risengrynsgrøt i ei julepynta brakke.

# Samarbeid med Ørskog sokn

## Felles gudstenester

I året som gjekk, og også tidlegare, har Skodje og Ørskog sokn samarbeidd om enkelte gudstenester. Kristi Himmelfartsdag på Tøsse har veksla mellom dei to sokna når det gjeld ansvar. Dette året var det Skodje sin tur, men grunna därleg vér vart gudstenesta flytta til Skodje kyrkje.

Liasetra har tradisjonelt vore ei gudsteneste der Ørskog har hatt ansvaret åleine, men i år var det Skodje-presten som forretta på grunn av vakanse i Ørskog. Det vart oppmoda til at folk frå Skodje støtta opp om denne friluftsgudstenesta. Véret var nokså bra, men mykje knott og mygg.

Ei felles pinsegudsteneste var også noko nytt i fjar, med Ørskog som vertskap. Oppslutnaden kan nok bli endå betre, frå begge sokna si side.

## Frivilligfest / Medarbeidarfest 2024

Frivilligfesten, eller medarbeidarfesten, har vorte ein fast tradisjon i Skodje. Alle som har ei større eller mindre oppgåve i kyrkjelyden vert inviterte, og dessutan er alle som brenn for kyrkjelyden velkomne. Samlinga har hatt rundt 30 deltagarar og har vore halde på Brusdalsheimen.

Festen startar med eit godt måltid og har eit lett program med bordkonkurransar og anna fellesskapsbyggjande underhaldning. *Kveldens gjest* har vore eit fast innslag, i tillegg til ein *minikonsert* med musikalsk gjest.

I fjar vart medarbeidarfesten utvida til også å inkludere Ørskog. Oppslutnaden vart ikkje dobla, men fellesskapet og opplevinga vart desto større. Slike tradisjonar tek tid å byggje opp, og allereie i år har deltakinga nær dobla seg.

## Avslutning og takk

Soknerådet ser tilbake på året 2024 med både glede og vemo. Det var med sjokk og sorg vi i mai fekk melding om at kantor Arne Bredeli Varmedal var død. Han vart gravlagt frå ei fullsett Vestnes kyrkje 31. mai. Han var ein dyktig kantor som har satt djupe spor etter seg. Soknerådet er takksame for alt som Arne har gjeve kyrkjelyden gjennom si teneste.

Men det har óg vore mange ting å glede seg over. Fleire nye medarbeidarar er blitt tilsette og vi har no fått på plass ein ny og entusiastisk stab som allereie har kome godt inn i oppgåvane.

Spesielt gledeleg er oppstarten av Knøttekor og Barnegospelkor. Julie Tronstad leier desse kora på ein framifrå måte, saman med frivillige medarbeidarar. Dette har vore eit etterspurd tiltak i kyrkjelyden og vi ser at når desse barnekora opptrer, kjem både foreldre, søsken og besteforeldre.

Soknerådet vil gjerne rette ein stor takk til både stab og frivillige for innsatsen i 2024. Eit godt samvirke mellom stab, frivillige og soknerådet er eit viktig bidrag til auka engasjement og oppslutning om gudstenester og andre arrangement.

*Knut Bjune*

Soknerådsleiar

# **Årsrekneskap 2024**

***Skodje Sokn***

Regnskapsskjema - Drift, Skodje Sokn 2024		Regnskap 2024	Regulert budsjett 2024	Opprinn. budsjett 2024	Regnskap 2023
<b>Inntekter:</b>					
600-659	Brukertilgang, salg, avgifter og leieinntekter	51 797	51 724	100 000	124 741
660-679	Salg av driftsmidler/fast eiendom				
700-789	Refusjoner/overføringer	4 744	33 096		24 000
790	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale				
800-829	Statlige tilskudd				
830-839	Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.				
840-859	Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd		10 500	25 000	10 000
860-879	Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	327 768	397 798	260 000	378 855
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>384 309</b>	<b>493 118</b>	<b>385 000</b>	<b>537 596</b>
<b>Utgifter:</b>					
010-099	Lønn- og sosiale utgifter	2 000	13 388		12 750
100-299	Kjøp av varer og tjenester	145 225	147 788	87 300	64 158
(300-389)+429	Refusjoner/overføringer, merverdiavgift	100 000	260 000		
390	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale				
(400-479)	Tilskudd og gaver	116 741	139 118	300 000	129 541
<b>Sum driftsutgifter:</b>		<b>363 967</b>	<b>560 294</b>	<b>387 300</b>	<b>206 449</b>
<b>Brutto driftsresultat:</b>		<b>20 342</b>	<b>-67 176</b>	<b>-2 300</b>	<b>331 147</b>
900-909	Renteinntekter og utbytte	24 227		1 000	17 170
920-929	Mottatte avdrag på utlån				
500-509	Renteutgifter og låneomkostn.				
510-519	Avdrag på lån				
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l				
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>		<b>24 227</b>	<b>0</b>	<b>1 000</b>	<b>17 170</b>
590	Avskrivninger 1	note			
990	Motpost avskrivninger				
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>44 569</b>	<b>-67 176</b>	<b>-1 300</b>	<b>348 317</b>
<b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>					
930	Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	348 317			756
940-949	Bruk av ubundne fond 3	note		6 300	
950-959	Bruk av bundne fond 4	note			
960	Bruk av likviditetsreserve				
<b>Sum bruk av avsetninger</b>		<b>348 317</b>	<b>0</b>	<b>6 300</b>	<b>756</b>
530	Avsatt til dekning fra tidl. år (underskudd)				
540-549	Avsatt til disposisjonsfond note 3	348 317			756
550-559	Avsatt til bundne fond 4	note	58 473	5 000	
560	Avsatt til/styrking av likviditetsreserven				
570	Overført til investeringsregnskapet				
<b>Sum avsetninger</b>		<b>406 790</b>	<b>0</b>	<b>5 000</b>	<b>756</b>
<b>580</b>	<b>REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK</b>		<b>-67 176</b>	<b>0</b>	<b>756</b>
<b>980</b>	<b>REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK</b>	<b>13 904</b>			

Regnskapsskjema - BALANSE Skodje Sokn 2024		Regnskap 2024	Regnskap 2023
<b>Kap x.2</b>	<b>Anleggsmidler</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
x.27-x.29	Faste eiendommer og anlegg		
x.24-x.26	Utstyr, maskiner og transportmidler		
x.22-x.23	Utlån		
x.21	Aksjer og andeler		
<b>Kap x.1</b>	<b>Omløpsmidler</b>	<b>1 216 506</b>	<b>1 158 266</b>
x.13-x.17	Kortsiktige fordringer Note 2	14 400	32 400
x.18	Aksjer og andeler		
x.12	Sertifikater		
x.11	Bank bundet		
x.10	Kasse, bankinnskudd drift	1 202 106	1 125 866
<b>SUM EIENDELER:</b>		<b>1 216 506</b>	<b>1 158 266</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD:</b>			
<b>Kap 2.x</b>	<b>Egenkapital</b>	<b>1 194 157</b>	<b>1 149 588</b>
x.56-x.58	Disposisjonsfond Note 1	363 523	15 206
x.51-x.52	Bundne driftsfond Note 2	844 538	786 065
x.53-x.54	Ubundne investeringsfond		
x.55	Bundne investeringsfond		
x.5950	Regnskapsmessig mindreforbruk		348 317
x.5900	Udekket i investeringregnskapet		
x.5960	Regnskapsmessig merforbruk	-13 904	
x.5980	Likviditetsreserve		
x.5990	Kapitalkonto		
<b>GJELD</b>			
<b>Kap x.4</b>	<b>Langsiktig gjeld:</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
x.41-x.42	Ihendehaverobligasjonslån		
x.43-x.44	Sertifikatlån		
x.45-x.49	Andre lån		
<b>Kap x.3</b>	<b>Kortsiktig gjeld:</b>	<b>22 348</b>	<b>8 678</b>
x.31	Kassekredittlån		
x.32-x.39	Annен kortsiktig gjeld Note 3	22 348	8 678
<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL:</b>		<b>1 216 506</b>	<b>1 158 266</b>
<b>Kap x.9</b>	<b>Memoriakonti:</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
x.9100	Ubrukte lånemidler		
x.9200-x.9899	Andre memoriakonti		
x.9999	Motkonto for memoriakontiene		

# Noter til årsrekneskap 2024 Skodje Sokn

## Note 1

### Ubundne fond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg saldo
Disp.fond Menighetsråd	15 206	0	348 317	363 523
<b>Disposisjonsfond i alt</b>	<b>15 206</b>	<b>0</b>	<b>348 317</b>	<b>363 523</b>

## Note 2

### Kortsiktige Fordringer

Kundefordringer	14 400
<b>Kortsiktige fordringer i alt</b>	<b>14 400</b>

### Bunde Driftsfond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg saldo
B.dr.f. Kyrkjeklubben	9 406			9 406
B.dr.fond, kyrkjelydshus	771 972			771 972
B.dr.fond, Prosesjonskors	4 687			4 687
B.dr.fond, Barne- og ungdomsarbeid	0		58 473	58 473
<b>Bunde driftsfond i alt</b>	<b>786 065</b>	<b>0</b>	<b>58 473</b>	<b>844 538</b>

## Note 3

### Annен kortsiktig gjeld

Annен кortsiktig gjeld i alt	0
Leverandørgjeld	22 348
<b>Annен kortsiktig gjeld i alt</b>	<b>22 348</b>

## Note 4

### Endring i arbeidskapital

Fra balansen	Omløpsmidler	Kortsikt.gjeld	Sum
Saldo 01.01.	1 158 266	678	506
Saldo 31.12.	1 216 506	671	835
		-22	35
<b>Årets endring i balansen</b>	<b>58 240</b>	<b>348</b>	<b>892</b>

Fra bevilningsregnskapet	Driftsregnskapet	Inv.regnskapet	Sum
Sum inntekter	384 309		384 309
Sum utgifter	-363 967		-363 967
Eksterne finanstransaksjoner	24 227		24 227
<b>Årets endring i bev.regnskapet</b>	<b>44 569</b>	<b>0</b>	<b>44 569</b>

**Note 5**

**Ytelser til dagleg leiar og valde medlemmar**

Soknet har dagleg leiar tilknytta Ålesund kyrkjelege fellesråd.

Ålesund kyrkjelege fellesråd er ansvarleg for lønn og møtegodtgjelse.

